

### Uke 3

#### **17. januar: Elias Blix** Norsk teolog og salmediktar

Elias Blix var fødd den 24. februar 1836 på gården Våg i Gildeskål i Nordland. Faren hans døydde tidleg. Ein lokal handelsmann kosta utdanninga for Elias Blix. Han tok lærarseminaret i Tromsø og teologistudiet i Kristiania. Han vart kjend med Ivar Aasen og han vart ein medviten målmann. Målsaka hadde eit demokratisk og sosialt motiv og ei kristeleg grunngeving for han: Han ville løfte opp småfolk og bondestanden. Og han ville formidle kristen tru på språket som folk nytta i kvardagen. Grunnen til at han ikkje vart prest skal ha vore at han vart nekta å preike på landsmål i heimekyrkja.

Elias Blix vart professor i hebraisk i Kristiania i 1879. I 1884 vart han kyrkjestatsråd i Johan Sverdrup si regjering. Men Blix er mest kjend som salmediktar og bibelomsetjar. I salmene sine ser han på keltisk vis Jesus-hendingane skje i norsk kvardag og norsk natur. Naturen vitnar om skaparen. Gud kan vere i naturen, men helst er naturen i Gud. Det skapte er del av openberringa når det lovsyng Gud, men kan ikkje åleine fortelje nok om frelsa (sjå Norsk salmebok 288,3).<sup>1</sup> Elias Blix døydde den 17. januar 1902.

**Bønn:** Kom, Jesus, inn og med meg ver når det til kvelden stundar!  
Og lat din engel standa her ved lægjet når eg blundar, og vara vel min kvilestad!  
Og vekk meg glad til song med fugl i lundar!  
(*Elias Blix i Norsk Salmebok 817,2*)

**Bibeltekster:** Sal 37,1-22                      Joh Op 22,16-21                      Joh 4,5-26

Sæle stunder, store under, store under og løyndoms skatt!  
Møyi vart moder, Gud vart vår broder, Gud vart vår broder i jolenatt.  
(*Elias Blix i Norsk salmebok 65,4*)

#### **Andre merkedager:**

**17. januar: Ludvig Hope** var født den 17. januar i 1871. Han døde 1954. Men jeg har ikke funnet dødsdagen hans, derfor er han inntil videre plassert på denne dagen i kalenderen. Hope var generalsekretær i Norsk Luthersk Misjonssamband. Han gikk tidlig inn for at lekfolk har rett til å dele ut nattverd. I 1942 ble han med i den midlertidige kirkeledelse, sammen med bl.a. Hallesby (se 22. november) og Bergrav (se 31. januar). Han satt fengslet på Grini 1943-1944.

**18. januar: Ulfrid (Wulfrid)** var en av de angelsaksiske misjonærene som på 1000-tallet kom til Sverige (se Sigurd/Sigfrid 15. februar). Han led martyrdøden i 1024 eller 1028.

**19. og 20. januar: Henrik av Finland** (født om 1100 i England) blir kalt for Finlands apostel og vernehelgen. Han var fra England og ble biskop i Uppsala. Han ble drept i Finland den 20. januar i 1156 eller 1160. I Sverige er minnedagen hans den 19. januar.

**19. januar: Herrnhut-misjon til Grønland.** I 1733 ble de første misjonærene fra Zinzendorfs brødremenighet i Herrnhut sendt ut til Grønland for å hjelpe Egede (se 10. februar og 5. november). Brødremenigheten i Herrnhut var en pådriver i framveksten av den protestantiske misjonen, mer enn 1000 år etter misjonsbølgene fra de keltiske klostrene.

**21. januar: Mathias Claudius** (15.8.1740-21.1.1815) var en tysk-dansk salmedikter med en keltisk tone (se "No skin den ljose månen" i Norsk Salmebok 810)

<sup>1</sup> Elseth: Elias Blix s. 145